

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 18.10.2012
Sakhandsamar: **Åsmund Norheim**
Saka gjeld: **Landsverneplanen Helse - Godkjenning av forvaltningsplan for Stord sjukehus**

Arkivsak
2008/98/
Styresak 112/12 B

Styremøte 07.11. 2012

Forslag til vedtak

Styret godkjenner forvaltningsplan for freda bygningar og verna parkanlegg ved Stord sjukehus.

Oppsummering

Styret i Helse Fonna har fastsett forvaltningsplan for bygningane ved Stord sjukehus som er freda av Riksantikvaren i medhald av kulturminnelova og for parkanlegget som er verna i medhald av Landsverneplanen Helse. For freda og verna eigedommar er det plikt til å utarbeida forvaltningsplanar. Desse planane trekkjer m.a. opp skiljet mellom kva som er «vanleg vedlikehald», som er tillatt innan rammene som forvaltningsplanen trekkjer opp, og kva som ikkje er «vanleg vedlikehald», som krev godkjenning av Riksantikvaren.

For freda eigedommar skal forvaltningsplanane føreleggjast for Riksantikvaren før dei kan endeleg godkjennast og takast i bruk av helseføretaket. Forvaltningsplanen for Stord sjukehus har vore førelagd for Riksantikvaren. Styret i Helse Vest RHF har i sak 061/12B fastsett at helseføretaka sine forvaltningsplanar for freda og verna eigedommar skal leggjast fram for styret til endeleg godkjenning.

Fakta

Styret i Helse Fonna HF har i møte 12.12.11, sak 103/11, fastsett forvaltningsplan for freda bygningar og verna parkanlegg ved Stord Sjukehus. Kopi av styresaka følgjer vedlagt (vedlegg 1). Ved brev av 18.07.12 har Helse Fonna sendt saka over til Helse Vest RHF for endeleg godkjenning. Bakgrunnen for at saka nå blir lagt fram for styret i Helse Vest RHF er at styret i sak 061/12B har fastsett at helseføretaka sine forvaltningsplanar for freda og verna eigedommar skal leggjast fram for styret for endeleg godkjenning. Den nærmare grunngivinga for denne behandlingmåten går fram av den nemnde styresaka.

Fredingsforskrifta av 11.11.11, fastsett av Riksantikvaren i medhald av kulturminnelova, pålegg det einskilde fagdepartement å sørge for at det blir utarbeidd forvaltningsplanar for alle freda bygg og anlegg som fagdepartementet har ansvar for. Helse- og omsorgsdepartementet har vidareført dette kravet gjennom føretaksprotokollane til dei regionale helseføretaka som igjen har vidareført kravet til helseføretaka gjennom styringsdokumentet.

Når det gjeld krava til kva ein forvaltningsplan for freda og verna bygningar skal innehalda, er dette nærmare omtala i kongeleg resolusjon av 01.09.08 om staten sine kulturhistoriske eigedommar. Det følgjer av resolusjonen at forvaltningsplanane skal innehalda ein fagleg forankra omtale av korleis verna eigedommar skal forvaltast og vedlikehaldast for å ta vare på verneverdiane. Vidare følgjer det av resolusjonen at forvaltningsplanane skal utarbeidast i samsvar med antikvariske prinsipp og innehalda ei detaljert registrering og dokumentasjon av kvar enkelt bygning og ein omtale av når rett kulturminnestyresmakt skal kontaktast.

I den nemnde fredingsforskrifta § 1-5 er det fastsett at forvaltningsplanar skal føreleggjast for Riksantikvaren for å sikra at innhaldet i planen ivaretek føremålet med fredinga.

Det går fram av vedlagde brev frå Riksantikvaren av 14.07.11 (vedlegg 2) at han «godkjenner» forvaltningsplanen for Stord Sjukehus. Når omgrepet «godkjenner» er nytta, så var dette i samsvar med dei retningslinjene som den gong var gjeldande. I dag gjeld fredingsforskrifta av 11.11.2011 og kravet er nå endra til at forvaltningsplanar skal «føreleggjast» for Riksantikvaren.

Omfanget av freding og vern ved Stord sjukehus.

Det går fram av Riksantikvaren sitt fredingsvedtak som er gjort 16.02.12, at alle bygningane på eigedommen med unntak av midtre kontorpaviljong, også kalla «Gamle føden» frå 1958 og søre fløyen frå 2001, er omfatta av fredingsvedtaket. Dette inneber at eksteriørmessig er sjukehusblokka frå 1970, administrasjonsbygget frå 1908, bustadene frå 1970, begge søsterheimane samt hybelblokk frå 1969, og teknisk sentral frå 1908/70 freda. Dessutan er deler av interiøret i sjukehusblokka frå 1970, deler av interiøret i hybelblokka og deler av interiøret i dei 2 søsterheimane freda. Interiøret i bustad C er i sin heilheit freda.

Sjukehusparken er ikkje omfatta av fredinga, men omfatta av Landsverneplanen Helse og verna i verneklasse 2. Det følgjer då av nemnde kongelege resolusjon av 01.09.08 at det også skal utarbeidast forvaltningsplan for parkområdet.

I grunngevinga for Riksantikvaren sitt forskriftsvedtak om freding av Stord Sjukehus står mellom anna: «Den store utbyggingen i 1970 er et representativt eksempel på etterkrigstidens helhetlige utbygging av tredelte lokalsykehus med personalboliger. Denne fasen i sykehusets historie har samtidig et særpreget og konsekvent formspråk og materialbruk som er unik i norsk sykehusarkitektur i perioden. Anlegget, tegnet av arkitektene Anna og Jostein Molden, representerer som helhet vesentlige kulturhistoriske verdier både i kraft av sin arkitektur og som karakteristisk eksempel på sykehusanlegg fra 1960/70-tallet».

Kommentarar

Forvaltningsplanen som nå ligg føre for Stord Sjukehus skal leggjast til grunn for og vera retningsgivande for den samla forvaltninga og vedlikehaldet av bygningane på eigedommen. Forvaltningsplanen trekkjer mellom anna opp grensa mellom kva som er «vanleg vedlikehald» og kva som fell utanfor denne ramma og krev godkjenning frå Riksantikvaren.

Fredingsvernet på Stord er omfattande og grip inn i all planlegging for framtidig bruk av bygningane. Det er bare vanleg vedlikehald utført innanfor ramma av det som er trekt opp i forvaltningsplanen, som kan utførast utan samtykke frå Riksantikvaren. Sjølve planen følgjer saka som ikkje trykt vedlegg og er tilgjengeleg som vedlegg til styresaka på internetsida til Helse Vest RHF:

<http://www.helse-vest.no/>

Det går fram av vedlagde brev frå Riksantikvaren at forvaltningsplanen for Stord sjukehus er den første planen innanfor helsesektoren som Riksantikvaren har behandla og at Helse Fonna har arbeidd grundig med planen i lang tid. Det går også fram av brevet at planen har stor betydning som døme for arbeidet med slike planar i andre helseføretak.

I tida før forvaltningsplanen for Stord sjukehus var ferdig utarbeidd og godkjend av Riksantikvaren, vart det utført omfattande brannsikringstiltak inne i sjukehuskomplekset i form av inndeling i brannsoner og montering av branndører. Desse tiltaka er utførde i samråd med Riksantikvaren og brannvernet og ein har greidd å ta rimeleg omsyn til verneverdiane, mellom anna ved å nytta branndører med treramme og glas istaden for ståldører.

Pkt. 6 i forvaltningsplanen omhandlar planar og framtidige tiltak. Det er ikkje peika på planar som krev større endringar i nærmaste framtid. Men det er peika på at alle dei freda bygga har betongfasadar som har tildels store frostskaider med armering som står eksponert for ver og vind. Ein står ovafor eit stort og fagleg krevjande reparasjonsarbeid der reparasjonen kan vera vanskeleg å gjennomføra utan å endra overflatestrukturen. Overflatestrukturen på alle bygningane representerer eit viktig arkitektonisk uttrykk og er ein sentral del av verneverdiane som ligg til grunn for fredinga.

Konklusjon

Størsteparten av den samla bygningsmassen ved Stord Sjukehus er freda ved Riksantikvaren sitt vedtak av 16.02.12 Forvaltningsplanen som er utarbeidd av Helse Fonna var første planen Riksantikvaren behandla og den vart godkjend av Riksantikvaren 14.07.11 før fredingsvedtaket var gjort og representerer slik sett ein pilot innan sektoren. Det går fram av godkjenningsbrevet frå Riksantikvaren at Helse Fonna fortener honnør for arbeidet som nå ligg føre.

Med bakgrunn i at Riksantikvaren har godkjent forvaltningsplanen inneber dette at Helse Fonna har planen som eit kvalitativt verkemiddel til å sikra at verneverdiane ved Stord Sjukehus blir ivaretatt. Sidan planen heller ikkje peikar på openbare konfliktområde mellom verneverdiane og planar for framtida eller særskilde økonomiske utfordringar, tilrår administrerande direktør at styret godkjenner forvaltningsplanen for Stord Sjukehus.

Vedlegg:

1. Styresak Helse Fonna HF, sak 103/12 O
2. Riksantikvaren sitt brev av 14.07.11. til Helse Fonna
3. Utrykt vedlegg: Forvaltningsplan, Stord Sjukehus